

Norsk språkhistorie

Brev 5 til medarbeidarane, mai 2013

Heimeside og ny nummerering av binda

Redaksjonssekretær Sine Halkjelsvik Bjordal har sett opp denne heimesida for prosjektet vårt:

<http://nsh.novus.no/>

Der er no verket vårt kunngjort for «all verda», og kvart bind har fått sin presentasjon av innhald og forfattarar. For å unngå forvirringa og det stadige forklaringsbehovet kring den gamle bindnummereringa vår der bind 1 skulle komme ut sist, avgjorde vi i samband med denne nettpresentasjonen å endre nummereringa slik at ho no følgjer utgivingsrekkefølgja. (Når vi så utrustar det nye nummeret med forkortinga NSH, skal vi greie å unngå internt rot i tida framover inntil vi har vent oss til det nye systemet.) Vi har òg fastsett namn på binda, og dermed skal verket Norsk språkhistorie slik ut:

NSH1 Mønster

NSH2 Praksiser

NSH3 Ideologi

NSH4 Tidslinjer

Nye forfattarar

No i vinter har vi måtta gjere nokre mindre endringar i avtalar om forfattarar i NSH1 og NSH2. Det går fram av presentasjonen i «Kapitteloversikt og framdriftsplan» på heimesida vår <http://nsh.novus.no/> og av revidert versjon av dokumentet «Disposisjon til alle kapitla» på arkivsida <http://folk.uib.no/hnohs/NNS/>.

Fagfellekommentarar

Alle kapitla blir – når dei er levert i ferdig form – sendt til fagfellar til kommentar. Vi prøver her å utnytte mange fagfolk i inn- og utland som sjølve ikkje er involvert i skriveprosjektet. Desse fagfellane får høve til å vere anonyme når dei skriv kommentarar. Når kommentarane frå dei kjem, går dei saman med merknadar frå redaksjonen ut til forfattarane, som så får ny frist til å levere reviderte manuskript. Redaktøren for kvart bind administrerer desse fristane saman med Sine.

Manus til gjennomlesing i forfattarstaben

I dette store skriveprosjektet er vi tent med å vete om kva andre skriv om. Vi skal unngå for mykje parallelle eller lik framstilling. I samband med manusseminaret gjer vi det slik at alle les alt i kvart bind. Men det kan også vere nyttig for somme å ha lese visse kapittel i andre bind. Då er det rimeleg og tenleg for oss alle at manus som er ferdigskrivne og gått til fagfellekommenter, må kunne sendast til dei medforfattarane som ber om å få lese bestemte kapittel. (Då kan det ev. også komme inn fleire nyttige merknadar.) Viss nokon av dokker ikkje ønskjer det slik og vil reservere seg mot at manus blir sendt ut på denne måten, ber vi om de seier ifrå. (For NSH1 må det seiast ifrå no straks.) Når det gjeld manus på tidlegare stadium, blir forfattarane kontakta og spurt før noko blir distribuert til andre.

Utgivingstidspunkt

Planen i Novus forlag er at NSH1 *Mønster* skal vere ferdig og bli presentert 1. september 2014. Deretter skal produksjonen gå slag i slag: NSH2 blir presentert 15. januar 2015, NSH3 15. juni 2015, NSH4 1. desember 2015. Etter det kan vi sjå på verda på ein ny måte!

NSH4 Tidslinjer

Torsdag 23. og fredag 24. mai var forfatterne i *Norsk språkhistorie*s fjerde bind samlet i Bergen for å diskutere sine første kapittelutkast. Bind 4 har navnet *Tidslinjer*, og hvert kapittel tar for seg en periode i norsk språkhistorie. Dette bindet skal altså bli en samlet, kronologisk fremstilling av det som blir presentert i bind 1-3, men bindet skal også være selvstendig nok til å stå på egne ben.

Et av de spørsmålene som flere ganger kom opp på manusseminaret, var da også nettopp på hvilken måte det skal refereres til tidligere bind. Ellers ble mer detaljerte og faglige spørsmål drøftet, som for eksempel h-ens plassering i gammelnorskens konsonantsystem, om runerekken kan kalles et alfabet, og om hvorvidt «Guðmundr reist rúnar þessar auk þeir Qndóttr» faktisk kan oversettes til «Gudmund rista desse runene og Ondott og dei». Et gjennomgående tema var dessuten forholdet mellom indre og ytre språkhistorie: Er det mulig å legge vekt på både språkinterne og språksosiologiske forhold uansett hvilken periode en skriver om?

I løpet av de to dagene seminaret varte, fikk alle forfatterne grundig tilbakemelding på sine kapittelutkast. Forfatterne skulle derfor nå ha et godt utgangspunkt for å skrive videre på manusene frem til neste seminar, som skal finne sted før påske i 2014.

Meir om terminologi

På manusseminaret i mai for kronologibindet tok vi opp til drøfting kva periodane våre skulle heite. Vi har frå utgangspunktet i heile prosjektet understreka at det er utanomspråklege og allmennhistoriske hendingar som avgjer grensene for periodane, og etter drøftingane no går vi inn for at periodane blir omtala slik:

- 700 Den eldste tida
- 700 – 1050 Vikingtida
- 1050 – 1350 Høgmellomalderen
- 1350 – 1536 Seinmellomalderen
- 1536 – 1814 Dansketida
- 1814 – 1905 Det nasjonale gjennombrotet
- 1905 – 1945 Det sjølvstendige Noreg
- 1945 – Den nyaste tida

Namnet på språket i desse periodane skal vere slik:

- 700 Urnordisk
- 700 – 1350 Gammelnorsk
 - 700 – 1050 Tidleg gammelnorsk
 - 1050 – 1350 Sein gammelnorsk
- 1350 – 1536 Mellomnorsk
- 1536 – Moderne norsk
 - 1536 – 1814 Tidleg moderne norsk
 - 1814 – Nyare moderne norsk

Når vi viser til språket i dag, skal vi unngå å kalle det for ‘moderne norsk’, for det namnet er altså opptekne til å referere til ein lang periode. Derfor må vi heller omtale det som ‘notids-norsk’, ‘norsk i dag’, ‘norsken i vår tid’, ‘norsk språk etter ...’ osv. Vi må òg vere konsekvente i kva tid vi viser til historisk periode, og kva tid vi brukar språkstadienemning; det vil seie at vi jamfører ikkje vikingtida og nyare moderne norsk.

Framover

Tiltaka og fristane våre ut dette året er slik:

- 15. oktober 2013: Reviderte manus til *NSH1 Mönster* skal leverast
 - 19. november 2013: Ev. siste manusseminar i Oslo for NSH1.
 - 20.-21. november 2013: Manusseminar i Oslo for *NSH3 Ideologi*.
 - 2.-3. desember 2013: Manusseminar i Bergen for *NSH2 Praksiser*.
 - 31. desember 2013: Redaktør og redaksjonssekretær leverer ferdige manus til NSH1 til Novus forlag.
- Før påske 2014: Manusseminar *NSH4 Tidslinjer*

NB:

Tidlegare brev til medarbeidarane ligg på <http://folk.uib.no/hnohs/NNS/>